



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSJERRIGPER OG HØGSKOLEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leseleiarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verkøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «RUTINERTE LAKSEDAMER» I NYSJERRIGPER NR. 3-13

## Tulledefinisjonar

Eit særtrekk ved norsk er at vi har samansette ord, og at desse orda kan setjast saman av mange ord. Vi nyttar ofte samansette ord for å få eit meir nyansert språk. Det finst til dømes mange typar haiar: *hammarhai*, *kvithai* og *tigerhai*. Desse orda består av ord som i seg sjølve tyder noko, *hammar*, *hai*, *kvit* og *tiger*. Når vi deler opp eit samansett ord i orda det er sett saman av, *hoppski* = *hopp* + *ski*, seier vi at det siste ordet er kjernen, fordi det fyrste ordet seier noko meir om dette. *Hoppski* er med andre ord ein type *ski*, mens *skihopp* er ein type *hopp*.

Fagspråk består ofte av eit spesialisert språk, og ein måte å skrive presist nok er å nytte samansette ord. Det er difor lurt å øve seg på å dele desse orda opp i dei byggjesteinane dei er samansette av, og finne kjernen. Då skjønner ein i alle fall at *gytetur* er ein type *tur*.

For at elevane skal få ei trening i å bli medvitne på korleis samansette ord er bygde opp, skal dei lage tulledefinisjonar på ord henta frå teksten. La dei bruke fantasien. Det viktigaste er at dei skjønner kor kjernen er, og at ordet framfor kjernen seier noko meir om kjernen. Når elevane kjenner konteksten etter å ha lese teksten, kan dei prøve å finne ut kva orda eigentleg tydde.



FOTO: PICTUREPOINT.NO



## Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitenskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitenskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetene i tiltaket på [nysgjerrigper.no](http://nysgjerrigper.no)





**Lese  
KROKEN**



Av Tuva Bjørkvold



## Oppgaver til «Rutinerte laksedamer»

### 1. Tulledefinisjon

Eksempel:  
laksedame – ei solbrent dame

Lag ein tulledefinisjon til desse orda:  
barndomselv -  
oppfeitingsrunde -  
gytetur -

### 3. Detektivlesing

- Kvar er det best å leggje lakseegga? Kvifor det?
- Korleis ser dei befrukta lakseegga ut?
- Kva for fordelar har dei nordnorske eldre laksedamene framfor dei yngre laksane frå andre land?

### 2. Laksedama sin rundtur

Teksten beskriv korleis laksedamene gjentek den same runden år for år, frå livet i havet og tilbake i havet igjen. Leit i teksten og finn dei fem fasane desse fiskane går gjennom for å gyte. Skriv kort i rutene kva som skjer.

